
Saksnr: 2023/882-11
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun
Dato: 02.03.2023

Til: Vestlandsrådet AU

Frå: Fylkesdirektøren i Vestland

Forankring av Vestlandsrådet i fylkestinga.

Både samansetjing og samarbeidsavtale om Vestlandsrådet utgår frå fylkestinga i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. Det vil derfor vere nødvendig å vurdere rapportering og forankring av Vestlandsrådet sine aktivitetar tilbake til dei respektive fylkestinga. Dette bør gjerast på ein systematisk og lik måte i alle dei tre deltakande fylkeskommunane som fylkesordførarane vert samde om.

Fylkesdirektøren ser for seg følgjande tiltak som kan sikre slik forankring av Vestlandsrådet i fylkestinga;

- Rådsleiar/sekretariatsleiar besøker/orienterer alle fylkestinga i løpet av leiar-året.
- Muntleg orientering frå fylkesordførarane ved opning av fylkestinga etter møter i Vestlandsrådet.
- Framlegging av årsmelding
- Framlegging av møteprotokollar
- Framlegging av uttalar, pressemeldingar m.m.

Dette er tenkt som ein uttømmende oversikt over mulige tiltak for å sikre forankring av Vestlandsrådet i dei respektive fylkestinga. Fylkesdirektøren ber AU drøfte og ta nærmare stilling til gjennomføring av aktuelle tiltak som er lista opp.